



## Møtereferat

<b>Møte nr. 1 i:</b> <b>Utval for politisk styringsstruktur</b>	<b>Dato:</b> 07.11.2017	<b>Tid:</b> Kl. 15.00 – 17.30
<b>Møteleiar:</b> Marianne Sandahl Bjørøy	<b>Stad:</b> Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
<b>Medlemmer som møtte:</b> Marianne Sandahl Bjørøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jøgeir Sognnæs Jørgen Kausland Børge Haugetun Ingrid Marie Toft	<b>Forfall:</b> Ingen	
<b>Andre:</b> Ingen		
<b>Referent:</b> Willy Sørensen		

Saksnr	Sakstittel
1/17	<b>Velkommen ved leiar Marianne Sandahl Bjørøy</b>
2/17	<b>Godkjenning av innkalling, saksliste</b> Innkalling og saksliste godkjent uten merknader
3/17	<b>Konstituering av utval for politisk styringsstruktur</b> Utvalet vart konstituert med Børge Haugetun som nestleiar og Willy Sørensen som sekretær.
4/17	<b>Gjennomgang av dokumentasjon som ligg ved innkallinga</b> Leiaren gikk kort gjennom innkallinga inkl. vedlagt materiale.
5/17	<b>Plan for arbeidet vidare</b> Einarsen viste til organisasjonskart på s.6 i Intensjonsavtalen, og meldte ønskje om å vurdere justeringar i dette, uten å endre hovudpremissane om formannskapsmodell m.v. Utvalet vart samde om å prioritere dette, m.a fordi det var viktig i høve komande arbeid med den administrative organiseringa. Utvalet vil og foreslå for fellesnemnda at utarbeiding av etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune blir ein del av utvalet sitt arbeid.



	<p>Med utgangspunkt i røynsler med den politiske organiseringa i dei tre kommunane, kom ein fram til at ein ønskte å redusere tal utval frå fire i Intensjonsavtalen, til to eller tre, -i tillegg til formannskapet. Med dette som utgangspunkt drøfta ein ulike måtar å gjere dette på. Sentralt i ordsiftet var vektlegginga av formannskapet sin sentrale rolle i høve m.a. økonomi/ budsjett m.v. Ein drøfta også på kva nivå/ detaljeringsgrad dei politiske utvala skulle arbeide.</p> <p>Utvalet vart samd om å be sekretæren utarbeide eit tal ulike skisser til modellar med to eller tre utval + formannskapet, basert på ordsiftet i utvalet. Skissene skal også vise andre aktuelle utval/ ein samla utvalstruktur. Slikt materiale vert å sende ut til medlemmane i forkant av neste møte.</p> <p>Utvalet vart samde om følgjande møteplan, -jfr også framlegg i innkallinga: Møte 2: 29. november 2017 (endra frå innkallinga). Møte 3: 09. januar 2018 Møte 4: 30. januar 2018 Møte 5: 20. februar 2018 Møte 6: 20. mars 2018</p> <p>Starttidspunkt for alle møta: 1430 Møtestad for alle møta: Prosjektlokala i Skjenet 2</p>
<b>6/17</b>	<p><b>Ymse</b> Det vart ikkje teken opp spesielle saker eller tema under ymse.</p> <p>10.11. 2017 Willy Sørensen Referent</p>